


Alle bustadene i Messehagen har fjordvarme. Etter eitt års erfaring er Andor Hovden svært positivt overraska over kor godt fjordvarmen fungerer i dei to ferdigstilte bustadbygga.



Det første bustadhuset i utbyggingstrinn to på Fossebakk er også på plass.


re litt i stuss om kva han skal gjere med dette bygget; restaurere eller rive. Det viser seg no at bygget er i svært dårleg stand, så det går mest truleg mot riving. Huset vil imidlertid bli bygt opp att i same stil og då med fire leilegheiter.

I tillegg til sjølve husværa, er Hovden også i ferd med å byggje garasjar til bustadanlegget. Til leilegheitene i trinn tre høyrer det med garasjar, medan eigarane av dei to første får velje om dei vil ha. Fjordbladet skreiv nyleg om Er-

ling Bjørlo si satsing ved rådhuset med garasjar i kjellaren; slik dei har i byane. Hovden har valt å byggje garasjar på bakkenivå. Han tykkjer Nordfjordeid har klart seg godt utan bystatus, og seier med eit skråblikk til Bjørlo at det går an å ha garasjar i kjellaren også i ei bygd.

**DET ER INNLAGT FJORDVARME** i bygga i Messehagen.

- Dette fungerer langt betre enn eg hadde rekna med. Bebuarane bru-



Reguleringsplanen for Orheimsvika på Stårheim har attraktive bustadtomter med fjordutsikt.

ker mest ikkje straum i tillegg til oppvarming. Du kan gjerne skryte litt av fjordvarmen. Den fungerer veldig bra, seier Hovden.  
- Med så mange prosjekt på gang, så

gjer du vel bra med pengar?  
- Tidene har vore bra. Vi har over hovudet med arbeid. Det er ikkje like lett å få pengar ut av det, men det går no i alle fall rundt, smiler

entreprenør og utbygger Andor Hovden.

**ANNA WUTTUDAL**  
anna.wuttudal@fjordbladet.no  
Direkte telefon: 57 85 53 15